

Meirverdiavgift og momskompensasjon

Føresetnad for refusjon:

Meirverdiavgift skal vera spesifisert på fakturaen. Dersom ikkje, skal alltid kode 800 eller 100 brukast. Har du grunn til å tru at den som sender faktura er momspliktig, kan du be om å få ny faktura med spesifisert avgift.

Det er nokon varer/tenester som det ikkje er moms på, t.d. bøker, kjøp av helsetenester m.m. Koden skal då vera 100/800. I slike tilfelle står det som oftast avgiftsfritt sal på fakturaen.

Refusjonskodane:

I Visma er det nye mva kodar. Systemet er sett opp slik at når du set inn konto og teneste, så vil systemet foreslå lovlege kodar. Men det kan vere enkelte tilfelle der du må legge inn annan kode. Kodane som er lovlege vil komme opp i mva feltet når du stiller deg der. Vel riktig kode. Dei kodane som vi har er:

100	INGEN MVA-BEHANDLING (0 %)	Meirverdiavgiftsområdet/VAR
108	INNG. MVA - HØY SATS (25 %)	Meirverdiavgiftsområdet/VAR
109	INNG. MVA - MIDDELS SATS (15 %)	Meirverdiavgiftsområdet/VAR
110	INNG. MVA - LAV SATS (10 %)	Meirverdiavgiftsområdet/VAR
800	INGEN MVA-BEHANDLING – MVAKOMPORDN. (0 %)	Kompensasjon
801	MOMSKOMP. - HØY SATS (25 %)	Kompensasjon
802	MOMSKOMP. - MIDDELS SATS (15 %)	Kompensasjon
803	MOMSKOMP. - LAV SATS (10 %)	Kompensasjon

Kva kodar skal brukast?

Dersom det ikkje er moms på faktura skal du no velje 800 dersom du er i kompensasjonslova. Kode 100 innanfor meirverdiavgiftslova, typisk vatn, renovasjon og avløp.

Det er like kodar innanfor driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen.

Er momsprosenten oppgitt, kan du gå direkte til koden med riktig sats

Ei faktura kan innehalde fleire momssatsar, men er då spesifisert kvar for seg. Fakturaen må splittast i dei ulike satsane og kodast med tilhøyrande mva-kode.

Når kan kommunen krevje kompensasjon ?

- Som hovudregel vert all moms kompensert ved kjøp av varer og tenester frå private. Ein føresetnad er at vara/tenesta vert kjøpt av registrerte private næringsdrivande som er registrerte av avgiftsregisteret. Fakturaene skal vere registrert med bedrifta sitt organisasjonsnummer, gjeld og kjøp frå andre kommunar.
- Momsen må og vere spesifisert på fakturaen, eller kva momsprosent som er nytta.

- Vara/tenesta må nyttast i eigen verksemd, kommunen må sjølv nytte vara/tenesta. Eit unntak er at vara/tenesta vert sett til fri disposisjon for kommunen sine innbyggjarar, for eksempel badestrender, lysløyper og liknande.
- Utgifter til personfrakt, herav skulekyss, gir rett til kompensasjon. Det vert og gitt kompensasjon til drift og innkjøp av varebil som brukast til varetransport. (Varebilar klasse 1 skal behandlast som personkjøretøy og gir ikkje rett til kompensasjon.)

Begrensingar i å krevje kompensasjon:

Følgjande utgifter gir ikkje rett til kompensasjon (tilfelle der det er mva på fakturaen utan at kommunen får momskompensasjon)

- Servering og leige av selskapslokale
- Kjøp av kunst og aktivitetar
- Kost og naturalavlønning til tilsette
- Representasjon, julebord, jubileer
- Gåver, reklamemateriell og velferdstiltak tilsette.
- Personkjøretøy. Varebilar klasse 1 skal behandlast som personkjøretøy og gir ikkje rett til kompensasjon.
- Innkjøp til drift av eigedom som gjeld bustad for ordinær utleige fritids-, ferie- eller andre velferdsbehov (kompensasjon gjeld for omsorgsbustadar/sosiale bustadar)
- Det er ikkje kompensasjon på innkjøp til drift av fast eigedom som vert leigd ut